



E 76 frå Telemark var siste band på scenen i Dønhaug-låven i år og dei gav verten overskot. Det er det ikkje alle som gjer. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Magne Huglen vil køyra med eit noko redusert låvedans-program neste sommar samanlikna med i år. Det blir ingen dans i juli, opplyste han på møtet i Gamleskulen.

Til gjengjeld blir det kanskje ein country-weekend med fleire band rundt 7. juni.
Det blir med andre ord arrangement i april, mai og juni og kanskje noko i august/september.

Huglen viste til at det er ein stor jobb å skaffe folk til arrangementa.
- Det er ikkje så lett å få tak i 30-35 som ein er trygge på slik at dei verkeleg kjem, medga Huglen, som også har vore inne på om han skal vera mindre idealist og meir kynisk når han set opp programmet sitt, Men så langt har han satsa på eit variert musikktilbod.

Det er ellers viktig med førehandplanleggjing i nær kontakt med andre arrangørar i kommunen og dette krev eit møte tidleg på hausten året før.
Møteleiar Kristian Bringedal lova å hjelpe til med å kalla inn til eit slikt møte.

Av Ola Matti Mathisen